

Saksnr: 2019/59-7  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvat  
Fylkeseldrerådet

Utv.saksnr. Møtedato

**Invitasjonar til orienteringar i neste møte**

**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet har høve til å invitere andre til å kome inn i møta for å orientere om aktuelle tema som fell innanfor fylkeseldrerådet sitt arbeidsområde. På noverande tidspunkt vert de bedne om å vurdere kva tema de ynskjer orientering om frå kven i neste møte. Dei ulike avdelingane i fylkeskommunen kan vere aktuelle.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeseldrerådet har høve til å invitere andre til å kome inn i møta for å orientere om aktuelle tema som fell innanfor fylkeseldrerådet sitt arbeidsområde, og dessutan sjølv reise på synfaring i fylkeskommunen.

Ettersom de no er i oppstartfasen kan det vere nyttig å verte kjend med dei ulike avdelingane i fylkeskommunen, både for å synleggjere rådet, få vite kva saker som rører seg hjå dei som vedkjem dykk, høyre korleis dei ser føre seg samarbeid med rådet, og ev. informasjon om spesifikke saker som de allereie no veit de vil engasjere dykk i. Aktuelle avdelingar i første omgang kan til dømes vere samferdsel og regional.

Når de bestemmer dykk for kven de ev. vil invitere kan det vere greitt å ha møtestaden i mente, med tanke på sannsynet for om dei kan møte fysisk.

Etter kvart som rådet opparbeider seg kunnskap og semje om fokusområde kan de utarbeide ein arbeidsplan som og inkluderer orienteringar og synfaringar, men i dette møtet vert det lagt opp til at de berre bestemmer dykk for kven de ev. vil invitere til neste møte.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedd om å ta stilling til om de ynskjer orientering(ar) i neste møte, og ev. kva tema de ynskjer orientering om frå kven.